



**ÅRSRAPPORT FRA STATENS NATUROPPSYN  
TIL  
NÆRØYFJORDEN VERNEOMRÅDESTYRE  
2017**



Mot Kvamsbergi

*Alle foto: Kristoffer Ullern Hansen, SNO*

**SNO tilsette: Kristoffer Ullern Hansen, Rein Arne Golf**

**I tillegg er det kjøpt tenester av:**

**Aurland fjellstyre**

## **Oppsynsaktivitet: kontroll/tilsyn, informasjon mv**

Oppsynsområdet dekker 5 verneområder:

Nærøyfjorden landskapsvernområde  
Bleia/Storebotn landskapsvernområde  
Bleia naturreservat  
Norheimsdalen naturreservat  
Grånosmyrane naturreservat

.. som til saman utgjer det meste (97%) av verdsarvområdet i Nærøyfjorden.  
Grunna den ekstraordinære situasjonen knytt til skrantesjuka i Nordfjella har SNO-Aurland i 2017 hatt noko mindre kapasitet en normalt til å drive oppsynsverksemd i verneområda.

### **Aktivitet i verneområda - generelt**

I eit så stort område som Nærøyfjordområdet er målet å registrere/ha oversyn over m.a. bygningar/infrastruktur, endringar i t.d. bruk/slitasje, framande artar, truga artar og kulturminne.

SNO følgjer opp tiltak og dispensasjonar som forvaltningsstyresmakta har vedteke.

I 2011 starta SNO opp databasen *Verneområdelogg* der all relevant informasjon blir lagra.

Når denne har fått ein del data og har gått seg til, vil den bli tilgjengeleg for andre.

Elles så rapporterast det til ulike baser, mellom anna [www.artsobservasjoner.no](http://www.artsobservasjoner.no)

Informasjon om rovvilt og spor blir lagra i [www.rovdata.no](http://www.rovdata.no)

Naturreservata og Bleia/Storebotn landskapsvernområde har geografisk plassering som gjer at den generelle aktiviteten knytt til ferdsle og bruk er låg.

I Nærøyfjorden LVO er det stor trafikk og til dels intensiv bruk av enkelte områder, særleg knytt til bruken av fjorden. I sommarsesongen vert fjorden nytta som ferdsleveg for cruiseskip, ferger, passasjerbåtar, lasteskip, fjordsafariribbar og ikkje minst ei aukande mengd kajakkpadlarar.

Naturoppsynet har prioritert å vere synlege på fjorden, spesielt i området med fartsavgrensing (8 knop for fartøy over 30 fot)) mellom Dyrdal og Bakka, og har i 2017 gjennomført 5 fartskontrollar, med to munnlege advarslar over VHF som resultat.

Gjennom AIS-systemet kan ein gå inn å sjå i sanntid kor fartøya er og kor fort dei køyrer.

Elles er det i jamn auke i tilstrøyminga til Nærøyfjordområdet, både i form av trafikk på sjøen i form av alt frå kajakkar og stand-up padlare til dagsturbåtar, ribbåtar og cruiseskip og trafikk på land langs Postvegen, Rimstigen, i Dyrdal og på Stokko.

## Tiltak 2017

Frå og med 2014 har verneområdestyreforvaltaren teke ansvar for formalitetane rundt tenestekjøpsavtalene knytt til skjøtsel, som SNO-Aurland tidlegare har inngått. SNO har fortsatt ei rolle knytt til oppfølging av tenesteytarane. Desse er:

<b>Bakka grendelag</b> <b>Fresvik bygdelag</b> <b>Stigen gard</b> <b>Undredal grendelag</b> <b>Dyrdal grendelag</b> <b>Styvi gard</b> <b>Skjerdal landskapspleie</b>
--

SNO har oppfølgingsansvar i høve til den praktiske gjennomføringa av arbeidet i den grad det er trong for det.

SNO inngår no berre sjølvstendig avtale med Aurland fjellstyre, denne var i 2017 på kr. 100 000,-

I 2017 har tilsette i Aurland fjelloppsyn vore involvert i skjøtselsarbeid på Postvegen og brygga på Fronnes er forlenga nedover slik at den er fullt brukbar også ved heilt utfjøre sjø. Dei har og bidrege under torvtekkinga av Skogastova og med rydding av stien frå Undredal til Stokko.

Desse avtalane utgjer eit viktig grunnlag for den pågåande skjøtselen i Nærøyfjordområdet.

Det er ført tilsyn med løveskilt som markerar grensene for verneområda.

Dei mest brukte bålplassane er som vanleg rydda, og det er utført tilsyn og noko vedlikehald på utedassane.

SNO har hatt ansvaret for slått av Postvegen mellom Styvi og Holmo, det har vorte slege tre gangar i sommar.

Brekkestiprosjektet er eit samarbeid mellom fleire aktørar med Aurland kommune som prosjekteigar. Det har vore fleire møter mellom samarbeidspartane i 2017, og i skrivande stund er det inngått avtale mellom Aurland kommune, Geirr Vetti og Skjerdal Landskapspleie om den praktiske gjennomføringa av arbeidet kor Geirr Vetti står for muringa av trapp mens Skjerdal Landskapspleie skal skaffe stein, sette opp gjerder og rydde langs stitråsen.

SNO har delteke på fleire synfaringar med grunneigarar, verneområdestyre/forvaltar og andre offentlege og private aktørar, m. a i Dyrdal, Stigen, Fristølen, Vassete og Skogane i Nærøyfjorden LVO.

SNO har og som vanleg og delteke på styremøter for verneområdestyret og på fleire møter med Verdsarvaktørane.

## **Arrangement**

Det er no fire årlege arrangement som vert avvikla innanfor Nærøyfjorden landskapsvernområde:

- Verdsarvturen
- Rimstigen Opp
- Kongeveg marsjen
- Fjorden sin dag

Rimstigen Opp er eit motbakkeløp som vart avvikla for første gang i 2011, med god oppslutning.

Arrangørane har vore flinke til å rydde opp etter løpet, og det er ikkje registrert negative konsekvensar på nokon måte.

Verdsarvturen vart gjennomført med god oppslutning, yngste deltakar var 5 år og gjekk heile vegen til trass for tilbod om biltransport ned frå Drego.

Fjorden sin dag vart avlyst grunna dårleg ver.

SNO har gjennomført undervisningsopplegg i samarbeid med Sogn Jord og Hagebruksskule med elevar som tek faget "naturbasert reiseliv" og hatt skjøtselsdag på Fronnes med elevar frå Steinerskulen i Bergen.

## **Registreringar**

Statens naturoppsyn i Aurland har eit særleg ansvar for villreinstamma i Fjellheimen, noko som medfører oppsynsleing under reinsjakt og ansvar for teljingar. Det er Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd som har bedt SNO om å gjere dette. Reinen nyttar delar av året dei austlege områda av Fjellheimen villreinområde, og kjem då inn i Nærøyfjorden LVO. SNO er difor tilstade i desse områda i samband med arbeidsoppgåver knytt til villrein. SNO har og eit særskilt fokus på områda heilt søraust i Nærøyfjorden LVO, kor rein frå Nordfjellastammen frå tid til annan kryssar Gravhalsen mellom Myrdal og Mjølfjell og trekk nordover mot Grindafletområdet. I 2017 er det som før registrert rein i områda vest for Flåmsdalen heilt ut på Flenjaeggi og på Undredalshalvøya.

Det er no snakk om både bukkeflokkar og fostringsflokkar, og det vart i 2017 registrert kalving i Nisedalen.

I Nærøyfjorden LVO har det vorte registrering av kongeørn/havørn i heile området, dette vert rapportert gjennom SNO sine eigne databaser for rovvilt. Det er ikkje registrert hekking av kongeørn eller havørn innanfor verneområdet i 2017.

I juni vart det gjort registreringar av hekkande fugl på Grånosmyrane, med bistand frå Stein Byrkjeland hjå Fylkesmannen i Hordaland.

Naturoppsynet driv elles registrering/teljing av teistbestanden ved Nedberge, det er ikkje registrert hekking men det er gjort observasjonar av mindre flokker med teist i fjorden.

Over tunnelinnslaget til Flenjatunnelen og eit stykke ut i berga veks de krypmispel, som har spreidd seg frå hagar i Flåm.

## **Motorferdsle**

Sett under eit er ikkje motorferdsle noko stort problem innanfor verneområda pr. i dag.

Det pågår ein del køyring austover mot Flåmsdalen med utgangspunkt i Stalheim eller Brandsetdalen, og frå Jordalen austover mot Nærøydalen. Naturoppsynet prioriterer desse områda ved kontrollverksemd. Når reinen no i større grad nyttar områda vest for Flåmsdalen som vinterbeite gjev dette grunnlag for auka tilsyn med motorferdsla i området.

### **Brot på verneforskrift/lov**

Det har i 2017 vore nokre byggesaker som har medført trong for oppfølging frå verneområdeforvalter med bistand frå SNO. To saker på Stigen og ein i Dyrdal. Ingen av desse sakene medførte anmeldelse, men det vart stilt krav til endring/retting av nokre av tiltaka. To atvåringar knytt til for høg fart, meir om dette i kapittelet om aktivitet i verneområda.

### **Statistikk alle verneområder 2017**

Timetal:	208*
Informerte:	56
Km skuter:	179
Km til fots:	107
Km båt	805

*\*Timetalet syner utetimer, i tillegg kjem kontortid ( rapportering, planlegging,, møter etc.)*

### **Bestillingsdialogen**

Bestillingsdialogen er det formelle møtepunktet mellom forvaltningsstyresmakta og SNO. I bestillingsdialogmøtet ser ein på kva for arbeid, tiltak, utfordringar og prioriteringar som bør utførast i verneområda for kvart år. Gangen i arbeidet er at SNO rapporterer og fortel om aktiviteten i inneverande år og kva som er utfordringar og utviklingstrekk, og kjem med forslag til oppfølgingar. På bakgrunn av dette vil forvaltningsstyresmakta i ein bestillingsdialog med SNO kome fram til kva ein bør prioritere i/for verneområda for neste år. Dette skjer i november/desember. Bestillingsdialogen gjeld ikkje berre tiltak som krev midlar, men òg anna arbeid som ein meiner oppsynet/forvaltninga sjølv bør prioritere kommande år (t.d. ekstra fokus på ulovleg helikopterflyging/registrering av "postkortartar"/naturvegledning). Likevel er det tiltaka som krev ekstra midlar som har hovudfokus.

## Bestilling personalressurs SNO 2017

Oppfølging dispensasjonssaker jf. Styrevedtak **Gjennomført**  
Tilsyn, vedlikehold av postvegen Styvi – Bleiklindi, skjøtselsplan **Gjennomført**  
Registrering av hekkefuglbestand, Grånosmyrane naturreservat **Gjennomført**  
Oppfølging tenestekjøpsavtalar jf. skjøtselsplanar. Tiltak på Skogane. Tiltak på gamlevegen i Dyrdal **Gjennomført / utsatt**  
Kartlegging forynging av gran, Nordheimsdalen naturreservat **utsatt**  
Overvåking av mispel i Flåm, og andre svartelista planteartar (Undredal) **Gjennomført**  
Overvåke erosjon langs strendene i Nærøyfjorden (Dyrdal til Bakka) og frå Stokko til Undredal. **Gjennomført**  
Tilsyn med rasteplassar langs fjorden, tiltak for utbetring **Gjennomført**  
Rydding av skog rundt Bleiklindi og Holmahaugen **utsatt**  
Skjøtsel av innmarka på Frønningen i Bleia naturreservat **utsatt**  
Fartsmåling i Nærøyfjorden **Gjennomført**  
Oppfølging stiprosjekt frå Brekke til Råken. Steinlegging av stien i 2017 **Gjennomført**  
Registrering av kulturminne ved smelting av isbreane **utsatt**  
Tilsyn med status for verneskilt **Gjennomført**  
Registrera Urvamue i Bleia naturreservat **utsatt**  
Delta på styremøte/FRU-møte **Gjennomført**  
Delta på innsamling av data om naturtilstand i samband med besøksstrategi **Gjennomført**

## Utviklingstrekk

I reservata og Bleia-Storebotn LVO er status for områda stabil. Når det gjeld Nærøyfjorden LVO er det ein jamn auke i båttrafikken på fjorden, og overnatting/rasting langs fjorden mellom Flåm og Gudvangen. Det er behov for meir tilrettelegging og styring av ferdselen i verneområdet, m.a. med oppretting av faste bålplasser. Som nemnd under kapittelet om registreringar vart erosjonsrapporten frå 2014 i 2016 fylgt opp med nye målingar og foto frå dei stadene som vart etablert som referansepunkt. Etter to år er stoda stort sett stabil på referansepunkta, med eit tydeleg unnatak for Salthella kor det er dokumentert synlege endringar i form av utvasking i strandsona i løpet av dei to siste åra. Sidan denne strandlinja ligg i le for hovudvindretninga i fjorden, og samtidig ligg ved innløpet til fartsavgrensningssona, er det nærliggande å tolke desse endringane primært som eit resultat av bølger frå skip. Det har i 2017 vore leigd inn ekstern kompetanse på bølgeomålingar, rapport frå desse registreringane kjem på vårparten 2018.

Når det gjeld brot på fartsreguleringa kan det sjå ut som aktørane på fjorden har disiplinert seg noko i høve til føregåande år.

SNO-Aurland registrerar at mange brukarar av verneområda ikkje skil på omgrepa «verneområde», «verdsarvområde» og «verdensarvpark». Det kan verke som omgrepet «verdensarvpark» eller berre "parken" i aukande grad vert nytta som geografisk nemning for både verneområda og verdsarvområdet. Denne problemstillinga vart adressert til dei ulike aktørane i området i 2016. Problemstillinga er den same i 2017.

## Tilrådd oppfølging i 2018

- Oppretthalde og gjerne auke tilsynsaktiviteten på Nærøyfjorden, spisse informasjon til og kontakt med dei ulike brukargruppene som nyttar fjorden til næring og rekreasjon/friluftsliv.
- Oppretthalde og gjerne auke kontakten og samarbeidet med skulane. Informasjon og rettleiingsarbeid er prioriterte oppgåver for det statlege naturoppsynet.
- Oppretthalde omfanget av kontrollverksemda knytt til motorisert ferdsle i utmark.
- Halde fram med arbeidsoppgåvene knytt til Fjellheimen villreinområde
- Vurdering av kva tiltak som kan settast i verk for å redusere erosjonen i strandsona
- Ha noko auka tilstadevere i dei andre verneområda (enn Nærøyfjorden LVO) innanfor verdsarvområdet.
- Vidareføre skjøtsels- og tilretteleggingsarbeidet som pågår i verneområda, sørgje for god oppfølging av dei verneområdestyret har faste tenestekjøpsavtalar med.
- Nærøyfjorden verdsarvpark og naturoppsynet driv med til dels overlappende verksemd innanfor skjøtselsarbeidet i verneområda. Eit fortsatt godt samarbeid og god koordinering med faste møtepunkt mellom naturoppsynet, verneområdeforvaltninga og verdsarvparken vert viktig også til neste år.



## **Statens naturoppsyn (SNO)**

SNO er miljøforvaltningens operative feltorgan som er myndighetsutøver etter lov om statlig naturoppsyn av 21. juni 1996. Loven gir SNO-personell tilsynsmyndighet og ansvar for oppsyn med overholdelse av følgende miljølover; friluftsløven, naturmangfoldloven, motorferdselsloven, kulturminneløven, viltloven, laks- og innlandsfiskloven, markaløven og deler av forurensningsloven i hele landet, både på offentlig og privat grunn. Oppgaven er todelt og retter seg både mot tilsyn og overvåking av naturtilstanden og tilsyn med menneskets atferd i naturen i forhold til gjeldende regelverk.

Den nasjonale ledelsen i SNO ligger i Miljødirektoratet i Trondheim og det heltidsansatte lokale naturoppsynet har arbeidssted tilknyttet sitt geografiske oppsynsområde, totalt 62 lokale kontorer, med til sammen 94 ansatte . Hovedoppgavene er kontroll, informasjon og veiledning i tillegg til registrering, dokumentasjon, skjøtsel og tilrettelegging. I dette inngår også viktige oppgaver innen rovviltforvaltning, bl.a. bestandsregistrering og skadedokumentasjon knyttet til den lovfestede erstatningsordningen på bufe og tamrein. Virksomheten er basert på egne oppsynsstillinger i kombinasjon med kjøp av tjenester og samarbeid med andre oppsynsordninger lokalt og regionalt. SNO har også et overordnet ansvar for Skjærgårdstjenesten, en interkommunal ordning med hovedansvar for skjærgårdsparkene mellom Bergen og Halden. En viktig utfordring for naturoppsynet er å skape forståelse og respekt for regelverket som finnes på dette området.

Det blir lagt vekt på å etablere godt samarbeid med de andre aktørene innen naturoppsyn. Dette gjelder både fjelloppsynet i regi av fjellstyrene, Statskog Fjelltjenesten i Nordland og Troms, og politiet. Særlig er samordning med politiet viktig når det gjelder kontrolloppgavene. Samarbeidet er formalisert gjennom avtaler, rolleavklaringer og tjenestekjøpsavtaler. På denne måten blir naturoppsynet mer effektivt og profesjonalisert. Virksomheten er fortsatt i vekst og utvikler seg i tråd med de rammer som finnes i lovforarbeider og gjennom den løpende styringsdialogen med Miljø- og klimadepartementet.